



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
15.04.2013  
Dykkar dato  
04.03.2013

Vår referanse  
2013/3422 542.0  
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo

### Grøne løyve for oppdrett av laks og aure i 2013

---

Fylkesmannen er positiv til prinsippet om bruk av *grøne løyve* ved tildelingsrunden i 2013. Vår merknad til dette framlegget er at vi ønskjer at kravet om mengd lakselus på fisken i merdane bør vere strengare enn kva mange anlegg faktisk klarer i dag for å kunne definere tiltaket som *grønt løyve*.

**Grøne løyve bør og kunne ta med andre produksjonsaspekt som gjer næringa berekraftig, som til dømes fôrbruk, impregneringsmiddel og andre kjemikal.**

---

Viser til høyringsbrev frå Fiskeridepartementet datert 4. mars 2013 om framlegg til forskrift for tildeling av løyve til havbruk med laks, aure og regnbogeaure i sjøvattn i 2013.

Vi ser det som viktig at forvaltninga nyttar incitament for å drive næringa fram mot ei berekraftig næring.

Det er likevel eit gap mellom der næringa er i dag og ei berekraftig næring. Dei to mest alvorlege problemområda næringa slit med er rømming av oppdrettsfisk og spreining av lakselus. Å oppnå berekraft vil krevje ei kraftig omstilling, der denne ordninga er eit skritt på vegen dit.

Det er positivt at det er nettopp desse to områda som er teke med som vilkår for tildeling. Samstundes burde ordninga også omfatta andre område der grøn teknologi og produksjonsmetodar vert kreditert, som til dømes fôrbruk, bruk av impregneringsmiddel og andre kjemikal, og drift utan nedslamming av sjøbotnen. Samstundes har vi område i Hordaland der produksjonen må ned for å redusere miljøbelastninga. Ei eventuell tildeling av *grøne løyve* i Hordaland må ta omsyn til dette.

Næringa syner vilje til å bruke ressursar på teknologiutvikling for å løyse desse problema. I Hordaland har vi i dag inne ein søknad om utsleppsløyve for eit fullskala lukka anlegg for produksjon av stor smolt (postsmolt). I slike anlegg kan utslepp av lakselus bli heilt eliminert. Forvaltninga bør vere proaktiv og setje krav og mål som næringa må strekke seg etter. Framtidige krav om nullutslepp av både rømt oppdrettslaks og lakselus må vere mål å strekkje seg etter for dei som vert med på ordninga.

Vi har difor merknad til framlegget til forskrift då vi ikkje kan sjå at kriteriet om at det ikkje skal vere meir enn 0,25 holus per fisk i anlegget er framtidisretta. Det er to grunnar til dette:

1. Effekten av lakselus på bestandane av villfisk kan best målast på smittepresset som villfisken er utsett for. 0,25 holus per fisk i anlegget tilseier at oppdrettsfisken har det bra, men med det store talet fisk som står i merdane representerer dette like fullt ei stor lusepopulasjon i fjorden.
2. Kravet om 0,25 holus per fisk i merdene er det etter det vi kjenner til mange anlegg som greier i dag. Difor er det gitte kravet i forskrifta etter vår oppfatning ikkje eit verkemiddel til å utvikle næringa i positiv retning.

Målet må vere å utvikle næringa i rett retning i staden for å vidareføre status quo.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonsleiar

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*